

## PRESTEGARDSMOFONDET - VEDTEKTER

Oppretta 4. mai 1964 av Vossevangen Bygningskommune.

Vedtekten er seinare justert på møte i Voss forliksråd den 7. mai 1965. Seinare justert ved kommunal behandling og merknad frå departementet, jfr. vedtak i Voss kommunestyre 25.02. og 23.04.66, og vedtekne i Voss kommunestyre 20.01.68. Seinare justert ved vedtak i Voss kommunestyre 30.05.96 med godkjenning av Fylkesmannen i Hordaland 10.09.96.

Sist justert ved vedtak i styret for Prestegardsmofondet 04.03.15.

1. Fondet skal vera knytt til Prestegardsmoen og skal brukast til vedlikehald og vidare utvikling av denne, som parkanlegg og friluftsområde og føremål som står i tilknytning til dette, så som badestrand, båthamn, tiltak som hindrar elveutgraving, planting, m.v.
2. Fondet sin grunnkapital ved oppretting i 1964 var kr 280.561,-.  
Grunnkapital i 2014 var kr 1.914.766,-.  
Fondet sin kapital skal ikkje kunna angripast, og av dei årlege inntektene skal 10% leggjast til denne. Resten av inntektene kan brukast til ovannemnde føremål. Vert ikkje desse brukt eit år, kan dei førast over til bruk for etterfylgjande år.  
Ved eventuell årleg inntektsauke skal grunnkapitalen justerast i vedtekten same år.
3. Fondet skal ha eit styre på 5 – fem – medlemer med like mange varamedlemer. Fondsstyret vert valt av kommunestyret og har same funksjonstid som dette. Kommunestyret vel leiar og nestleiar.
4. Styret si oppgåve er å forvalta fondet sine midlar på beste måte og gjera vedtak om bruk av midlane i samsvar med det som er fastsett i punkt 1. Eit vedtak er gyldig når minst 3 – tre – av styret nøystar for det.
5. Fondet sin rekneskap skal førast av kommunekasseraren og reviderast av kommunerevisor.
6. Innan utgangen av april månad sender styret for fondet årsmelding og rekneskap i revidert stand til kommunestyret til ålment ettersyn i 14 dagar og godkjenning av Voss kommunestyre.
7. Vedtekten kan berre endrast etter vedtak av styret for fondet.

Voss, 04. mars 2015

Lilly Karin Helland

Lilly Karin Helland (leiar)



Svein Erik Burud

Geir Arne Aspebakken

Geir Arne Aspebakken

Kjell Bjarte Tveite

  
Erik Røthe Klette